


Brakkeriggen skal reisast ved eksisterande lagerbygg.

Eidsvik Skipsbyggeri trappar opp i samband med at den største verksemda i Uskedalen går inn i offshorealderen med utrustning av to supplybåtar. No har Eidsvik Eigedom søkt kommunen om oppsetjing av ein brakkerigg og ein dukhall.



Hallen skal reisast nord i området

Brakkeriggen skal liggja lengst sør i området og dukhallen lengst nord i området.
Hallen blir 15 X 20 meter, 5,7 meter høg og har ein sjølvberande fagverkskonstruksjon.

Brakkeriggen blir i to etasjer og vil innehalda garderobe, toalett, spiserom og midlertidige kontor.

Riggen er leid for 18 månader og skal nyttast av leigefirma som er innleigd for å ta del i utrustninga av dei to båtane.

Brakkeriggen skal reisast i ein avstand på 1-2 meter frå eksisterandre lagerbygg.

I samband med toalett og avløp blir det installert ein tank med kvern og pumpe som vil pumpa til Eidsviks septiktank. Den håndterer kloakk og avløp frå kontor og garderobar i 'den gamle delen' av anlegget.

Av Ola Matti Mathisen